

REGLEMENT FOR MELAND FORMANNSKAP

1. VAL OG SAMANSETJING

Meland formannskap skal ha 7 medlemmer med varamedlemmer, - alle valde av og mellom kommunestyret sine medlemmer.

Formannskapet vert vald først.

Deretter vert ordførar og varaordførar valde mellom formannskapet sine medlemmer.

Vala skal skje i kommunestyret sitt konstituerande møte og i samsvar med Kommuneleva § 8, nr 2.

2. ARBEIDS- OG ANSVARSOMRÅDE

Formannskapet skal vere arbeidsutval for kommunestyret, med økonomi og heilskapsplanlegging som sitt hovudansvar.

Formannskapet skal avgjere eller kome med innstilling til kommunestyret innanfor følgjande saksområde:

- heilskapsplanlegging (kommuneplan og økonomiplan, jf. kommunelova § 44)
- kommunalt planarbeid
- årsbudsjett, jf. kommunelova §§ 45 og 46
- politiske leiings- og samordningsoppgåver, herunder samarbeid med andre kommunar
- tiltakssaker
- kjøp og sal av kommunale tomter og eigedommar
- beredskap
- løyve til sal og skjenking av alkohol, og kontroll med dette
- andre saker som ordføraren legg fram for formannskapet eller som kommunestyret sender til formannskapet

Formannskapet er

- Klagenemnd etter forvaltningslova § 28, andre ledd
- Valstyre etter vallova § 4
- Styringsgruppe for ulike prosjekt
- Politisk valde medlemmer i Administrasjonsutvalet

Formannskapet har avgjerdsrett i løyvingsaker inntil kr 100.000,-.

Formannskapet har avgjerdsrett i hastesaker etter kommunelova § 13.

3. SAKSHANDSAMINGSREGLAR

Møta i formannskapet skal haldast for opne dører, jf. kommunelova § 31, nr 1.

Når kommunelova opnar for dette, kan formannskapet unntaksvis handsame ei sak for lukka dører.

Meland formannskap skal følgje lov og føresegner og – så langt det høver - dei reglar og retningsliner for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i Reglement for Meland kommunestyre.

Formannskapet innstiller direkte til kommunestyret i alle saker som skal handsamast av kommunestyret og som høyrer til formannskapet sine ansvarsområde.

Formannskapet kan innanfor sitt arbeids- og ansvarsområde delegere til rådmannen, så sant ikkje lover og føresegner er til hinder for dette.

4. OVERPRØVING AV SAKER

Tre medlemmer av formannskapet kan krevje at eit vedtak som i utgangspunktet er delegert og endeleg i formannskapet, skal kunne overprøvast av kommunestyret. Dette gjeld både med omsyn til den skjønsmessige avgjerd og om vedtaket er i samsvar med lov, føresegner og dette reglementet. Krav må setjast fram i same møte. Formannskapet kan, dersom særleg sterke grunnar og tidsomsyn krev det, med vanleg fleirtal vedta at krav om overprøving etter dette punktet, ikkje skal ha oppsetjande verknad.

Dette reglementet er vedteke i Meland kommunestyre